

# Referat møte med Lag og organisasjonar i Radøy

15.03.17

## **Desse laga var representert:**

Radøy kunstsenter, Radøy pensjonistlag, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Sæbø ungdomslag, Manger skulemusikk, Speleklubb, Hordabø skulemusikklag, Manger idrettslag, Radøy idrettslag, Nordhordland pistolklubb, Radøy/Manger fotbalklubb.

## **Tilskotsordningar**

Det vart gått igjennom dei ulike tilskota ein kan søkje på i Radøy kommune og andre tilskotsordningar ein kan søkje på. Oversikt over dette ligg på [www.radoy.kommune.no/kulturmidlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar). Her kan ein også sjekke årshjul med søkeradsfristar.

**Nynorskdagar** vert i veke 39

## **Tilskot til integreringstiltak**

Det vart oppmoda om å kome med forslag til korleis ein kan nytte desse midlane.

Innspel:

- Lesehjelp
- Transport
- Dekking av utgifter
- Informasjonskampanje om kva aktivitetar som fins

Viktig at dei vert ein del av normal aktivitet og ikkje berre særaktivitetar.

## **Ymse**

Nytt regionalt kulturhus i Knarvik – det er starta ein mulighetsstudie og ulike temagrupper, korps, idrett, kor/revy får invitasjon til å vere med å gje innspel.

Kystsogevekene 2017 vert 12. august -17. september. Frist for å melda inn arrangement er før 1. mai. Det vert opning i Risnes krins 13. august.

Kulturdagar 2018 – vert dei siste i Radøy kommune og laga vert invitert til kulturdagsverkstad til hausten.

Ny nettide: frivillig.no. Denne kan ein nytte dersom ein treng frivillig til arrangement.

Spørsmål om det er ønskje om tema på informasjonsmøte – laga har mulighet til å spele inn kva dei ønsker. Td. Kurs i å skrive søkeradar, korleis rekruttere frivillige, korleis bruke digitale media.

Sjå og presentasjonar frå møte som vert lagt ved.

Ref

Anne Dahle Austrheim